

Valestiftinga

Valen 12.07.2013

5451 Valen

reidar.handeland@knett.no

Til Norges vassdrags- og energidirektorat,

Postboks 5091 Majorstua,

0301 Oslo, nve@nve.no

Høyringsuttale frå Valestiftinga

Valen Kraftverk A/S sin søknad om overføring av Sitautevatn til

Valedalsvatn og søknad om utbygging av Valedalen Kraftverk

Registreringsnummer: 6289 , Saksnummer: 201100802

Valestiftinga har følgende føremålsparagraf:

"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag ta vare på, forvalta og utvikla natur og kulturhistoriske verdier i noverande Valen skulekrins, til allmennyttige føremål, til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."

Stiftinga har gjennom ei årrekke lagt til rette for lokalt friluftsliv mellom anna med reising av rastehytter og opprusting av sentrumsnære turstiar, og den gamle postvegen gjennom bygda. Valestiftinga er og sentral i bevaringa av det gamle kraftverket frå 1910 og den historiske utbygginga av Valevassdraget, samt historia til Valen psykiatriske sjukehus, m.a. gjennom etablering av eit eige sjukehusmuseum / "Sjukehussamlinga".

Sjå elles vår heimeside: www/Valestiftinga.no

SØKNAD OM OVERFØRING AV SITAUTEVATN TIL VALEDALSVATN

Valestiftinga vil sterkt fråå søknaden i hovudsak ut frå følgjande grunnar:

- Søknaden ber preg av å vera overflatisk og styrt av kostnadsomsyn.
- Overføring av Sitatutevatn vil medføra store inngrep i urørte område, samstundes som gevinsten økonomisk / i forhold til auka kraftproduksjon er minimal. Området er del av ei større INON sone som er samanhengande frå fjord-fjell-fjord.
- Søknaden tek ikkje omsyn til friluftsliv inkludert turstiar. Fiske og gytemoglegheiter vil og verta sterkt forringa med dei planlagte inngrepa. For rekreasjon har området særst høg verdi grunna spesiell topografi. Dette kjem dårleg fram på bileta i søknaden. Dei omsøkte inngrepa vil bli synlege frå dei mest brukte turområda.
- Det er heller ikkje teke omsyn til beiteområde og det er ingen forslag til avbøtande tiltak.

Valestiftinga har elles merknader til følgjande pkt. i søknaden:

Pkt 2.2 i søknad: Inntak og overføringar, Masseuttak og deponi

Det er ikkje opplyst kor store mengder fjell som skal sprengast ut ved tunnell inn- og utgang i Sitautevatn og Småstølevatn. Det er heller ikkje opplyst kor evt. sprengmassar frå Sitautevatn skal deponerast. Uansett vil mengda av massane i eit deponi vera særst synlege og stå i stor kontrast til naturen i området. I foreslått deponeringsområde for Småstølevatn, sjå s.12 i søknaden, renn det bekkar ved normalt regnvør og snøsmelting. Dette vil føra til utvasking av boreslam. Dersom søknaden vert innvilga, må det sørgjast for at alt boreslam vert transportert ut av området. Ein bør her heller vurderer å bore tunnell utan å sprengre kanal. Ein kan bruke sponte i vatnet og pumpe vatnet ut.

Pkt 3.3 Grunnvatn, flaum og erosjon

Vatna som Sitautevatn i dag renn ned i, vil etter utbygging berre ha att flaumbekker til å fyllast med. Dette vil føra til mindre magasinering, også for Børsdalsvatn.

Som følge av reguleringa vil vassføringa mot Valedalsvatn auka. Det vert i søknaden opplyst at bekken frå Småstølevatn renn på blankskurt berg. Dette

stemmer berre delvis, då den også renn gjennom ur og lausmassar. Bekken frå Småstølevatn mot Valedalsvatnet renn gjennom eit mykje brukt beiteområde. Ein 75 % auke i vassmengda (25 l/s til 100 l/s) vil hindre sauene sin moglegheit for forflytning. Gangstien som krysser bekken høgt oppe i bergsida (Sneskår) vil bli vanskeleg å forsere, sjå bilde s. 22.

Pkt 3.5 Fisk og ferskvassbiologi

Vatna som Sitautevatnet i dag renn ned i, og som ved regulering vil miste vatn, er gyteområde for fisken til Sitautevatn. I disse vatna er det stor, fin fisk. Om søknaden vert innvilga, må ein som avbøtande tiltak betra gyteforholda og setja ut fisk i ettertid. Det er avgjerande at fisken får moglegheit til å vandre mellom vatna.

Inngrepsfrie naturområder INON sone

På s. 13 i søknaden skriv ein at området allereie er påverka av vasskraftutbygging. Dette er feil, Småstølevatnet er i seg sjølv ikkje påverka, men renn ned i eit regulert vassdrag. Både Småstølevatn og Sitautevatn er del av ei større INON sone i området Englafjell-Mjelkhaug-Ulvanosa og ligg i same område som Børsdalselva (saks.nr. 201107080). Dette er eit sårbart høgfjellsområde av stor verdi då det er stort i omfang og er samanhengande frå fjord-fjell-fjord. Ved utbygging vil INON sone 1 og sone 2 bli kraftig redusert.

SØKNAD OM UTBYGGING AV VALEDALEN KRAFTVERK

Valestiftinga rår til at alternativ 2 vert lagt til grunn for ei eventuell utbyggjing då dette er det mest skånsomme alternativet med omsyn til flora og fauna, og friluftssinteresser. Alternativ 1 gjev minimalt med gjenverande elvestrekning, berre 500 m. frå kraftstasjon- sjø, og 1 km. frå Vetledalen –Valedalsdammen. Resten, 6,3 km, vil verta tørrlagt med konsekvensar for plante, fiske- og dyreliv, og for opplevinga av området.

Utbygginga av Valen kraftverk i 2008, medførte ei rekkje negative konsekvensar for området. Det som er planlagt gjennomført i denne søknaden, vil ha ytterlegare negative verknader dersom det ikkje vert gjort avbøtande tiltak.

Valestiftinga har elles følgjande merknader til søknaden:

Pkt. 2.2 og 3.1 Hydrologi

Søknaden teiknar eit skeivt bilde av dei faktiske forhold når det gjeld vassføring. Vassføringa mellom Valedalsvatn og Elvedammen/”Stemmelandsdammen” har alltid vore jamn. Berre ved nedtapping og i periodar vinterstid har vassføringa vore lav. Det har alltid runne vatn i Tverrelva og i Valeelva ned til Bjørkedalsdammen. Desse elvane var tidlegare drikkevassforsyning til Valen og Handeland, og har alltid hatt stor nok vassføring til fisk.

Ved utbygginga i 2008 vart det tørrlagd 5 km elv frå Elvedammen/”Stemmelandsdammen” til kraftstasjonen, og frå Stemmastølen til Handelandselva. Dette har ført til at mange gode fiskeområde er borte. Ingen avbøtande tiltak er gjort. Av omsyn til fisk og fugl er det ved utbygging naudsynt med ei større minstevassføring på dette strekket enn det søkjar legg opp til. Den gjenverande elvetrassèen som er fiskeproduserande og som gjev eit naturleg inntrykk, er elvestrekninga frå Elvedammen/”Stemmelandsdammen” til Valedalsdammen, og frå sjøen til kraftstasjonen, dvs 1,5 km.

Ved utbygging vil det vera viktig å få reguleringsgrenser for nedtapping i Svartatjødno, Elvdammen/ ”Stemmelandsdammen” og Valedalsvatnet slik det er i Vetledalsvatnet i dag.

Etter førre utbygging rann det sand og leire ut i elv og sjø i 12 mnd. etter at inngrepet var slutført. Elvebotn var dekkja med leire i nedre deler av vassdraget. Ein kan ikkje akseptera denne framgongsmåten ein gong til.

Pkt 2.2 Veg og røyrgate

Ein må finna ein meir skånsom måte å utføre veg- og røyrgate arbeidet enn det som vart gjort i 2008. I dag er det blottlagd eit ca 20 mål stort område med morenemassar i masseuttak, røyrtrassè og vegskråningar. Blant anna i Spirdalen som er eit viktig område for storfugl. Det vil ta mange tiår å reetablere disse områda. Jordmassar må takast vare på og tilbakeførast.

I utgangspunktet rår Valestiftinga frå utbygging av veg mellom Elvdammen/”Stemmelandsdammen” og Valedalen. Ein bør heller vurdere andre moglegheiter som t.d. bruk av taubane og helikopter. Planlagd veg og røyrgate vil krysse dei beste områda i gytebekkane. Dersom vegen må byggjast, må den

og røyrkata, leggjast lengst mogleg bort frå elva slik at dei ikkje kjem i konflikt med gyteområda.

Pkt 3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Det er ikkje gjort analysar av kva den auka mengda, ca 30 %, med ferskvatn i Nordre Valevågen vil medføre. Som fastbuande har ein observert at hyppigheten og lengda på periodane med is har auka dei siste åra.

Pkt. 3.5 Fisk og ferskvassbiologi

Dersom ein vel alt. 1, eller alt. 2 med minstevassføring på 23 l/sek, vil levekåra for fisk falla bort. 23 l/sek er betydeleg mindre enn vanleg lav vassføring, og kan ikkje aksepterast. Minstevassføringa må aukast opp, det må etablerast tersklar, og det må setjast ut fisk.

I Valedalen må det gjerast tiltak for å bevara, og få opp att fiskebestanden til 2008 nivå, med utsetjing av fisk og rett vasstand i gytetida.

Ved utbygginga i 2008 vart det tørrlagt 5 km elv frå Elvedammen/ Stemmelandsdammen til kraftstasjonen og frå Stemmastølen til Handelselva. Ingen avbøtande tiltak vart gjort, noko som førte til at mange gode fiskeområder no er borte. I det gjenverande elvestrekket er det stadfast bekkeare som produserer fisk til Elvedammen/ «Stemmelandsdammen» og Svartatjødno.

Sjøauren fekk i 2008 gytetrekninga halvert. Dette kunne vore betra ved avbøtande tiltak, og er eit krav når det no vert søkt om ytterlegare utbygging.

Fugl

Ut frå erfaring er det gode forhold for Fossekall i Valedalen – Elvedammen/ «Stemmelandsdammen». Ved berre 23 l/sek vassføring vil hekkande Fossekall bli råka. Før opprusting av kraftverket i 2008, var det 4 hekkande par Fossekall i vassdraget. No er det to 2 att. Eitt par mellom Elvedammen/ «Stemmelandsdammen» og Valedalsdammen, og eitt par mellom Valedalsdammen og Vetledalsdammen. Disse er overvintrande. Det er plassert ut rugekassar utan resultat til no.

Pkt 3.11 Brukarinteresser som knyter seg direkte opp mot planlagd utbyggingsområde

Heile området for Valedalsvassdraget er eit populært område for tur- og friluftaktivitetar. Der er fleire hytter, rasteplassar og stiar i heile dalen som blir

nytta både til organiserte og uorganiserte aktivitetar. Gjennomgang av turbøkene viste eit årleg snitt på 3400 besøkjande. I tillegg kjem alle dei som ikkje skriv seg i bøkene.

Valestiftinga fekk i 2011 kr. 40.000,- i friluftsmidlar frå Hordaland fylke til å setja opp ei rastehytte ved Stemmastølen. Det må sikrast grunn til denne utanfor Valen Kraftverk sin aktivitetsområde.

Som avbøtande tiltak bør det også haldast av tomt til rastehytte i Vetledalen til bruk for bygdafolket.

For Valestiftinga

.....

Reidar Handeland

Leiar

.....

Sven Løkeland

Nestleiar